

Møtereferat

Dato: 21.08.2014

Til stades:	Tom-Christer Nilsen, Hordaland fylkeskommune Asbjørn Moe, Etne og Vindafjord Næringsutvikling Silvia Tofte Kvinnherad Næringsservice Gro Jensen Gjerde, Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS Terje Søviknes, Os kommune Bjarte Erstad, Tysnes Næringsråd Synnøve Solbakken, Kvinnherad kommune Inge Reidar Kallevåg, Sunnhordlandsambandet AS Anne-Grete Sandtorv, Stord Næringsråd Roger Pilskog, LO Kjetil Hestad, Tysnes kommune Odd Harald Hovland, Bømlo kommune Tom Knudsen, NHO Hordaland Liv Kari Eskeland, Stord kommune Monika Hatlevik, Fitjar Næringsråd Atle Kvamme, Bergen Næringsråd/Næringsalliansen Wenche Tislevoll, Fitjar kommune Henning Warloe, Bergen kommune Marit Sørstrøm, Bergen kommune Renate Møgster Klepsvik, Austevoll kommune Frode Nergaard Fjellstad, NHO Hordaland Gustav Bahus, Hordaland fylkeskommune, Samferdselsutvalet Siri Klokkarstuen, Etne kommune Signe Eikenes, SVV Vest Thorbjørn Aarethun, Hordaland fylkeskommune Beate Bergsholm Lindgård, Hordaland fylkeskommune Håkon Rasmussen, Hordaland fylkeskommune Matti Torgersen, Hordaland fylkeskommune		
Forfall:			
Emne:	Kontaktutval for ny E39 Os-Fylkesgrensa til Rogaland - Referat fra oppstartsmøte 20. august 2014	Sak:	2014/15115-9
Møtetid:	20. august 2014	Møtestad:	Auditorium Vestland, Fylkesbygget

Møteleiar: Fylkesordførar Tom-Christer Nilsen

Referent: Matti Torgersen

Innleiingar

Fylkesordførar Tom-Christer Nilsen innleia med bakgrunnen for møtet og behovet for vidare oppfølging og framdrift i arbeidet med E39 mot fylkesgrensa til Rogaland.

Signe Eikenes innleia om status for arbeidet med statleg plan for E39 Hordfast og vidare mot Rogfast. Presentasjonen følgjer vedlagt dette referatet.

Tom-Christer Nilsen presenterte framlegg til rammer og arbeidsopplegg for kontaktutval for ny E39. Presentasjonen følgjer vedlagt dette referatet.

Det vart presentert førebudde innlegg frå NHO Hordaland ved Tom Knudsen og Samarbeidsrådet for Sunnhordland ved Kjetil Hestad. Presentasjonane følgjer vedlagt dette referatet.

Etter innleiingane vart det opna for spørsmål og synspunkt.

Spørsmål og drøfting

Eit rekke spørsmål og moment vart teke opp i debatten.

- Planarbeidet blir eit viktig grunnlag for revidert NTP 2018-27, både i etatane sitt framlegg som skal leverast i 2016, og i endeleg NTP som skal handsamast av Stortinget i 2017.
- Det vart presisert at planprogrammet må avklare kva for trasear som skal planleggjast og skildre og kartfeste desse, og grunngje kvifor ulike alternativ ikkje vert planlagt vidare.
- Det er ikkje teke stilling til statleg eller kommunal reguleringsplan for traseen. Staten kjem attende til dette spørsmålet.
- Delstrekninga Heiane – Ådland/Nordre Tveita på Stord vert fullført som kommunedelplan. Planarbeidet for dei to andre delstrekningane, Stord – fylkesgrensa og fylkesgrensa – Bokn er venta å starte opp i 2015.
- Kryssløysingar blir eit viktig tema. Vegen skal planleggjast med to-planskryss, med minimum 3 km mellom kvart kryss. Hordaland fylkeskommune sin moglegheitsstudie om vefsamband med tilknyting til E39 vil gje viktige innspel i denne drøftinga.
- Innkorting av planprosessen vart drøfta. Fleire peika på at SVV følgjar tradisjonell planframdrift, og var uroa for at planlegginga tek for lang tid. Det vart vist til at statsministeren har uttalt at byggestart skal skje i 2018, og til signal frå samferdselsministeren. Med den planleggingstida som er skissert frå Statens Vegvesen, er det vanskeleg å sjå at dette kan skje. SVV framholdt at dei må halde seg til dei gjeldande reglane i Plan- og bygningslova. Dei ventar samstundes på signal frå Samferdselsdepartementet om korleis planlegginga kan kortast inn. Det same gjeld spørsmål rundt statleg infrastrukturselskap.
- Det vart opplyst om at heile planen vert lagt ut til felles handsaming i alle kommunane samstundes. Dette vil forkorte behandlingstida noko.
- På spørsmål om det er muleg med oppstart av utbygging av delstrekningar, vart det svart frå SVV at det er mogleg, men at ein ikkje vil få full effekt av samla vegutbygging på strekninga. Det er likevel fullt muleg å starte opp arbeidet med delstrekninga ved Stord om det blir planavklart og finansiert tidlegare enn Hordfast.
- Det er sentralt å kommunisere betydinga av E39 for å kople næringslivet mellom Bergen og Stavanger. Vidare kan ein ta utgangspunkt i at regjeringa og statsråd ønskjer å tenke nytt, som realisering av større fjordkryssingar, utvikling av ny teknologi, og at det er nye måtar å tenke organisering av arbeidet mellom Statens Vegvesen og entreprenør.
- Signal frå Rogaland og frå Samferdselsministeren om å prioritere utbygging av E39 Stavanger-Kristiansand bekymra fleire i forsamlinga. Fylkesordførar framheva at vi må rekne med at andre

fylke arbeider for andre prosjekt, men at det viktige for vår del er å sikre at dei òg nemnar ferjefri Bergen-Stavanger.

Konklusjon

Det vert oppretta eit kontaktutval for E39 Os-fylkesgrensa til Rogaland. Kontaktutvalet skal vere eit pådriverorgan for raskast mogleg realisering av ny E39 mellom Bergen og fylkesgrensa, og sikre at sambandet blir prioritert i nye rulleringar av NTP og i framtidige statsbudsjett. Det skal òg vere eit organ for å avklare og koordinere utfordringar og synspunkt i det statlege planarbeidet.

Fylkeskommunen tek på seg ei leiarrolle, og fylkesordførar leiar kontaktutvalet og AU. Kontaktutvalet blir leia av fylkesordførar. Sekretariatet ligg i fylkeskommunen.

Det vert sett ned eit arbeidsutval (AU) som består av ordførarane i kommunane som har trase gjennom kommunen (Os, Fitjar, Tysnes og Stord), samt Bergen kommune ved byråd for byutvikling, klima og miljø, LO, NHO og utvalsleiar for samferdsel i fylkestinget. SVV blir også invitert inn i kontaktutvalet. På vegne av dei lokale næringsråda vart det også uttrykt ønske om at næringsalliansen vert representert i arbeidsutvalet. Dette vert det teke stilling til.

Kontaktutvalet møtast ved behov, særleg i samband med statlege planprosessar. Det blir viktig med god informasjonsutveksling.

AU utformar ein påverknadsplan for arbeidet som vert lagt fram for kontaktutvalet.

Fylkesordførar tar ei samtale med fylkesordførar i Rogaland for å avklare deira haldning til Hordfast.

På vegne av kontaktutvalet vil fylkesordførar oversende eit brev til Samferdselsdepartementet der det blir bedt om eit møte med samferdselsministeren for å bli orientert om statsråden sitt syn på opplegget og framdrift for realisering av Hordfast.